



Vestland
fylkeskommune



NASJONALT
VILLAKSSENTER

Partnerskapsavtale

mellan

Vestland fylkeskommune

og

Stiftelsen Nasjonalt villakssenter

2022 – 2026

1 Bakgrunn

Atlantisk laks er symbolet på Noreg med reint vatn – aktivt fiske i elvar og fjordar - berekraftig lakseoppdrett. Laksen er ein av dei første innvandrarane etter istida, men er nå trua i heile leveområdet i Europa og Nord-Amerika. Nær ein tredel av den atlantiske laksen i verda, gyter i norske elvar, og han er ein internasjonal ansvarsart for Norge. Innsiget av atlantisk laks til norske lakseelvar er halvert sidan 80-talet, men framleis har Noreg meir enn 400 laksevassdrag. I heile landet er sterke kulturelle og næringsmessige verdiar og tradisjonar knytt til villaksen.

Historisk har laksen hatt ei viktig rolle for natur, kultur, tradisjonar, ressursar og historie i elv og fjord i Vestland.

Grunnsteinen i eit berekraftig samfunn er forståing av natur og artar sin eigenverdi, og eit samspel mellom natur og menneske, bygd på desse verdiane. Villaksen er ein miljøindikator – har han det bra så er miljøet bra.

Vasskraft og oppdrett har vore og er viktige bærebjelkar for nærings- og samfunnsutviklinga i fylket. Det er sterke spenningar og motsetnader mellom aktørar – kraftselskap, laksefiskarar, fiskerethavarar, oppdrettarar m.m. - med interesser knytt til villaksen og leveområda hans. Dei er prega av fastlåste posisjonar og handlingsmønster.

Fylkeskommunen og kommunane kjenner interesseomsetnadene på kroppen kvar dag. NVL sin misjon er å legge til rette for å løyse utfordringane – på tvers av interesse-motsetnadene. Dialog og brubygging ei naudsynt og vanskeleg oppgåve. Ho må løysast gjennom å bygge tillit og relasjonar over tid.

Felles forståing, kunnskapsgrunnlag og dialog mellom aktørane er ein føresetnad for ei balansert berekraftig utvikling.

Nasjonalt villakssenter har born og unge som si primærmålgruppe. Hovudkanalen for å nå målgruppa er gjennom skuleverket.

2 Partane

Partane i avtalen er Vestland fylkeskommune, org nr: 821 311 632 og Stiftelsen Nasjonalt villakssenter org nr: 924 031 956

Vestland fylkeskommune sin visjon er å vere nyskapande og berekraftig. Samfunnsoppdraget er å setje retning, engasjere og samhandle for å utvikle gode tenester og eit framtidsretta Vestland. Fylkeskommunen sine verdiar er å vere kompetent, open og modig

Stiftelsen Nasjonalt villakssenter (NVL) er ein allmennyttig stiftelse stifta i 2019 med staten ved Miljødirektoratet som stiftar. NVL har som mål å formidle kunnskap og bidra til bevaring og berekraftig bruk av villaksen, og skal vere brubyggjar mellom ulike interesser knytt til villaksen sitt liv og leveområde. Stiftelsen er landsdekkande med einingar i Lyngdal, Lærdal, Namsos og Tana kommunar.

NVL si eining i Lærdal skal vere eit villakssenter for Vestlandet. NVL vil bruke denne eininga som ein pilot for bygge opp eit formidlingsgrunnlag som kan rullast ut dei tre andre einingane i Noreg over tid.

Eininga skal førebu og bygge opp NVL si rolle som brubyggar og kunnskapsformidlar nasjonalt og internasjonalt. Gjennom samarbeid med Norway's best vert det del av deira nasjonale reiselivssatsing og styrkar regionen og fylket som reisemål.

3 Mål

Partane har som felles mål å :

1. Stø opp under reiselivsutviklinga i Vestland og Sogn særskilt
2. Gjere villakssenteret til ein arena for samhandling mellom ulike næringsinteresser og utvikle rolla som brubyggar over interesseomsetnader
3. Utvikle og legge til rette tilbod til elevar i den vidaregåande skulen i fylket gjennom eigne avtalar med skulane.
4. Kople senteret opp mot den nasjonale og internasjonale lakseforvaltninga

4 Finansieringsbehov

Utvikling, drift og vedlikehald av skuletilbod har ein estimert kostnad på 800 000 kr årleg.

Utvikling av dialogarena må mellom anna basere seg på faste samlingar, kunnskapsdeling og drøftingar. Dette har ein estimert kostnad på 200 000 kr årleg.

Partane deler kostnadene mellom seg. Fylkeskommunen bidreg såleis med eit tilskot på 500 000 kr årleg til føremålet.

Bruk av midlar skal dokumenterast gjennom NVL si årsmelding og aktivitetsplanar.

5 Kontaktpersonar

Fylkeskommunen nemner opp ein kontaktperson for avtalen. Kontaktperson i Nasjonalt villakssenter er dagleg leiar.

6 Evaluering

Partnerskapet skal evaluere seg sjølv ei gong i året. Avtalen skal følgje fylkeskommunen sine valperiodar med verknad frå 2022.

Stad: Bergen/Lærdal

Dato/ 2021

Jon Askeland

Jostein Skurdal

Fylkesordførar

Styreleiar

Vestland fylke

Nasjonalt villakssenter